

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 01.09.2023  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Berit Irene Haarklau  
**SAKA GJELD:** **Saker til oppfølging etter styremøte**

**ARKIVSAK:** 2023/103  
**STYRESAK:** **049/2023**

**STYREMØTE:** **21.09.2023**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Saker til oppfølging etter styremøte i Helse Førde HF								
Møtedato/sak/tittel	Oppfølging	Status						
22.11.2019 088/2019 Adm. direktør si orientering	<i>Styret ønsker at AD orienterer om rapport som vert sendt til Helse Vest RHF 2 gonger årleg om lærlingar.</i>	<i>Punkt til AD orientering: Kwart halvår sidan juni 2020</i>						
25.11.2021 073/2021 Prehospital plan fase 3	<i>Vedtak: Styret viser til bestilling gitt til administrerende direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak: Punkt 1-6, jf. styreprotokollen  7. Administrerende direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med innføring av prehospital plan, og endringar i nasjonale føringar for tenestene.</i>	<i>Styresak 26.01.2023: Prehospital plan - halvårleg evaluering</i>						
27.10.2022 057/2022 Revidert økonomisk langtidsplan 2023-2027	<i>Vedtak: 1. Styret vedtek revidert økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2023 – 2027. 2. Styret held fast på opprinneleg resultatkrav i tidlegare ØLP.</i>							
			<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>
	<i>Resultatkrav vedtatt ØLP</i>		30 000	21 000	-2 000	-40 000	-35 000	-38 000
	<i>Prognose</i>		-70 000	-35 000				
	<i>Forventa resultat</i>		-40 000	-14 000	-2 000	-40 000	-35 000	-38 000

	<p>3. Styret vil vedta detaljert budsjett for det enkelte år i dei årlege budsjettbehandlingane.</p> <p>4. Styret ber administrerande direktør søke Helse Vest RHF om samla bereevne på 500 mill. kroner.</p> <p><b>Status:</b> Styrevedtak og søknad om internlån oversendt til Helse Vest 04.11.2022.</p>																		
<p><b>24.11.2022</b> 068/2022 Mål for tilstandsgrad for sjukehusbygga til Helse Førde</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Helse Førde si målsetjing er at den vekta aggregerte tilstandsgraden for bygningsmassen ikkje skal vere dårlegare enn 1,2.</li> <li>Helse Førde si målsetjing er at ingen bygningsdelar eller komponentar som inngår i målinga skal ha tilstandsgrad 3.</li> <li>Styret ber om at det vert lagt fram sak i løpet av våren 2023 om korleis helseføretaket skal nå måla. Saka bør omtale: <ul style="list-style-type: none"> <li>noverande tilstandsgrad basert på siste kartlegging med informasjon om kva som er gjort etter denne kartlegginga.</li> <li>planar for bygningsmassen, under dette kva bygg som skal nyttast til sjukehusdrift framover og såleis inngår i mål for tilstandsgrad.</li> <li>plan for korleis helseføretaket gjennom systematisk arbeid, med delmål, kan nå målet for samla tilstandsgrad. Planen bør ha eit tidsperspektiv på 5-10 år.</li> <li>Korleis helseføretaket årleg vil rapportere på framdrift.</li> </ul> </li> </ol> <p><b>Oppfølging:</b> Ny styresak våren 2023, blir sak til juni-møte.</p>																		
<p><b>16.12.2022</b> 078/2022 Budsjett 2023 – Helse Førde HF</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for 2023 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.</li> <li>Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/ endringar innanfor ramma av vedteke budsjett.</li> <li>Styret ber administrerande direktør søkje Helse Vest om å endre resultatkravet.</li> <li>Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2023.</li> <li>Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik.</li> </ol>																		
<p><b>16.12.2023</b> 079/2022 Investeringsbudsjett 2023 – Helse Førde HF</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2023:</li> </ol> <table border="1" data-bbox="592 1659 1233 1966"> <thead> <tr> <th>Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)</th> <th>Budsjett 2023</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Byggeteknisk infrastruktur</td> <td>5 300</td> </tr> <tr> <td>Nye Førde sjukehus, inkludert byggelånsrente</td> <td>594 800</td> </tr> <tr> <td>Sum bygg</td> <td>600 100</td> </tr> <tr> <td>Medisinteknisk utstyr (MTU)</td> <td>12 500</td> </tr> <tr> <td>IKT</td> <td>3 600</td> </tr> <tr> <td>Ambulansar</td> <td>5 000</td> </tr> <tr> <td>Sum MTU og andre investeringar</td> <td>21 100</td> </tr> <tr> <td>Sum investeringar</td> <td>621 200</td> </tr> </tbody> </table>	Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2023	Byggeteknisk infrastruktur	5 300	Nye Førde sjukehus, inkludert byggelånsrente	594 800	Sum bygg	600 100	Medisinteknisk utstyr (MTU)	12 500	IKT	3 600	Ambulansar	5 000	Sum MTU og andre investeringar	21 100	Sum investeringar	621 200
Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2023																		
Byggeteknisk infrastruktur	5 300																		
Nye Førde sjukehus, inkludert byggelånsrente	594 800																		
Sum bygg	600 100																		
Medisinteknisk utstyr (MTU)	12 500																		
IKT	3 600																		
Ambulansar	5 000																		
Sum MTU og andre investeringar	21 100																		
Sum investeringar	621 200																		

	<p>2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere nødvendige tilpassingar eller omprioriteringar innanfor investeringsbudsjettet si ramme.</p> <p>3. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til inngå kontrakt/gjennomføre «Andre endringar», som består av Svana mini og fullføring av Livabygget med to operasjonsstover. Til saman utgjer dette 92 millionar.</p> <p>4. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å nytte opsjonen på investering av ny MR 1,5 Tesla til Nordfjord sjukehus.</p> <p>5. I tråd med tidlegare vedtak i samband med revidert økonomisk langtidsplan (styresak 057/2022) gir styret administrerande direktør fullmakt om å oppdatere lånesøknad om investeringsevna på 500 millionar og likviditet 260 millionar til Helse Vest RHF.</p> <p>6. Styret ber om å få investeringsbudsjettet til ny handsaming dersom føresetnadene i finansieringsgrunnlaget endrar seg.</p> <p>7. Styret godkjenner førebels likviditetsbudsjett for 2023.</p>	
<p><b>26.01.2023</b> 008/2023 Internrevisjonsrapport – Læring på tvers av uønska hendingar</p>	<p>Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at administrasjonen jobbar vidare med dokumentet, og at ein kan kome tilbake til styret når ein har fått arbeidd administrativt med oppfølging.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styret i Helse Førde tek saka til etterretning, og ber administrerande direktør starte arbeidet med oppfølging av revisjonsrapporten med tiltak og planar for Helse Førde.</p>	
<p><b>28.03.2023</b> 012/2023 Adm. direktør si orientering</p>	<p>Punkt 7 Status rekrutteringsstrategi</p> <p>Styret etterspør Livsfasepolitikk, og få det presentert til styret i eit seinare møte.</p>	
<p><b>12.05.2023</b> 029/2023 Økonomisk langtidsplan 2024- 2028</p>	<p><u>Vedtak:</u> Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2024-2028 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.</p>	
<p><b>21.06.2023</b> 037/2023 Rapportering frå verksemda per mai 2023</p>	<p>Styret etterspør ei orientering om sjukefråvær, det høge langtidsfråværet.</p>	<p>21.09.2023: Punkt til AD orientering</p>
<p><b>21.06.2023</b> 042/2023 Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet</p>	<p>Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at styret held fast på at denne saka kjem innom styret som orienteringssak, då med noko lokal omtale. Styret vil utfordre Pasient- og brukarombodet om å ta opp to lokale problemstillingar som ho ønsker å diskutere med styret.</p>	